



Tom Solemdal
Naustdalslia 14
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1567 - 18/16231

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
22.05.2018

Løyve til oppføring av garasje - gbnr 196/155 Midtgård

Administrativt vedtak. Saknr: 244/18

Tiltakshavar:

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 60m² og bygd areal (BYA) ca. 70 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 26% BYA.

Det vert elles vist til søknad motteken 15.05.2018.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 18.05.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Leiknes Midtgård gnr. 196, bnr. 4 /1263 – 15122005 er definert for bustadføre mål.

Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 25% BYA.

Dispensasjon

Lindås kommune har 14.05.2018 gjeve dispensasjon frå tillatt utnyttingsgrad og frå regulert byggjegrænse mot E39 Osterfjordvegen for oppføring av garasje med bruksareal (BRA) 60m² og bygd areal (BYA) ca 70m².

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn uttale frå Statens vegvesen 17.04.2018 som vil akseptere at det vert gjeve dispensasjon frå byggegrensa til riksveg E39 for oppføring av garasje. Statens vegvesen har heller ikkje vesentlege merknader til at det vert gjeve dispensasjon for auke av utnyttingsgraden frå 25 til 26%.

Nabovarsel



Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3 for både dispensasjon og byggjesøknad i sak 18/412.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 15.11.2017.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser parkering/garasjeplassering og avkjørsle.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

VURDERING:

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av vedtak 18/412 frå 14.05.2018.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av garasje på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 15.11.2017 og som det går fram av vedtak vedtak 18/412, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «18/1567»

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Byggverket må ikkje takast i bruk før ferdigattest ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Tom Solemdal

Naustdalslia 14 5915

HJELMÅS